

PRESSEMELDING :

INNETEKTSUTVIKLING I HAUGALANDSJORDBRUKET.



Skattbar næringsinntekt gjekk i 2010 opp med omlag 46.000 kr etter renter og avskrivning . Dette syner gjennomsnittstal frå Tveit Regnskap AS som er henta frå gardsrekneskapa på i alt 228 bruk frå Nord-Rogaland og Sunnhordland.

Tveit Regnskap AS fører rekneskapan for i alt 1200 gardsbruk i regionen, og i løpet av ein 25-årsperiode har ein fylgt utviklinga på omlag 300 av desse bruka. Dette er familiebruk som har hatt, og framleis har hovudinntekta si frå jordbruket, og omfanget ligg mellom 1,5 og 2 årsverk. Det spesielle med dette talmaterialet er at det er brukt faktiske tal frå rekneskapet og at det er dei same bruka som er nytta som grunnlag i heile perioden.

Etter ein dupp i inntekta i 2009, er ein i 2010 tilbake på om lag same nivå som i 2008.

Som tidlegare år er det i hovudsak tre faktorar som påverkar korleis inntekta utviklar seg; produktpris, volum og kostnad. Spesielt pris- og volum har utvikla seg i positivt lei i 2010 – og kostnadsveksten var meir moderat enn året før.

Dei store volumproduksjonane hjå Haugalandsbonden er mjølk og gris. Teknologisk utvikling og omstilling har gjort at produksjonsvolumet hjå kvar enkelt bonde har auka monaleg dei siste åra. T.d. hadde mjølkebonden i 2005 i snitt ein mjølkekvote på 95 tonn, 5 år seinare - i 2010 er denne stige med 40 % til 135 tonn i snitt. Tilsvarande finn ein for grisenæringa, med ein volumvekst på 50 % for slaktegrisproduzentane (500 til 750 slaktegris pr. besetning) eller 17 % auke i tal årspurker i smågrisproduksjonen. Denne volumveksten kombinert med prisvekst på produkta danna mykje av grunnlaget for den inntektsvekst ein såg i 2010.

Dette viser òg att når ein ser på kva bruksstorleikar som opplever inntektsvekst – større bruk aukar meir i inntekt enn dei noko mindre. Men dette er nok òg ei naturleg og naudsynt

utvikling, ettersom desse bruka ofte har større rente- og gjeldsbelasting etter gjennomførte investeringar.

I føregåande år har det òg vore prisvekst på produkta som bonden leverer, men ein har sett at mykje av denne veksten har blitt eten opp av ei kostnadsside i fri galopp... Framleis kan ein nok ikkje sei denne galoppen heilt er komen over i roleg gange, men gjerne meir jamt trav... Kostnadsveksten har vore meir moderat, spesielt for innsatsfaktorar som kunstgjødsel, diesel og til dels kraftfôr.

Den prisvekst ein såg på produkta bonden leverte i 2010 skriv seg òg frå ein stabil marknad, med balanse mellom etterspurnad og tilbod. Spesielt svinenæringa er følsam for dette. Gjerne var òg nasjonen Norge tilbake i balanse i 2010 – etter ei noko “innbilt” finanskrise i 2008/2009, med andre ord var forbruket tilbake til normalen.

Mjølkebonden er nok den som kan sjå tilbake på 2010 med størst optimisme. I snitt auka utbetalingsprisen pr. mjølkeliter med 33 øre, og etter at kostnadane til fôr m.m. var dekkja sat ein igjen med 12 øre meir pr. liter. Kombinert med at produksjonen auka med 10-15 tonn pr. bonde – gav dette grunnlag for inntektsvekst. Produksjonsauken blir i aukande grad gjennomført med leige av kvote framfor kjøp – kjøp av kvote gjekk i snitt ned med om lag 1700 kr pr. bruk.

For produsentar av storfekjøtt var lønsemda omtrent den same som året før, med same utbetalingspris og dekningsbidrag som året før.

Grisebonden opplevde òg vekst i inntekta, men her skuldast det nok i større grad volumvekst og meir rasjonell drift – enn vesentleg endring i produksjonslønsemd. Utbetalingsprisen pr. kg grisekjøtt gjekk i snitt opp med om lag 50 øre, men det meste av dette vart ete opp av kostnadsvekst. Slik at inntektsveksten må tilskrivas at det vart “sprunge” litt fortare og levert litt fleire gris pr. driftseining.

Sauenæring ligg òg på om lag same nivå i lønsemd som i 2009, eit år som viste nedgang frå toppåret 2008. Det har vore gjort grep for å auke lønsemda i næringa, noko som òg viser at i utbetalingsprisen som har vorte heva fleire hakk over ein 3-5 årsperiode (utbetalingsprisen gjekk opp med om lag 50 øre i 2010). Men diverre slit ein med å hente ut full effekt av dette, ettersom kostnadssida òg har vore aukande. Gode beitetilhøve i 2010 gjorde sitt til at ein kunne sjå ei auke i kg levert slakt pr. sau, som kompenserte noko.

Vidare auka overføringane frå staten med om lag 26.000 kr pr. bruk i snitt. Noko som dels skuldast auke i tilskotsatsar, men òg auka produksjon/tilskotsgrunnlag.

Investeringsviljen kan i mange tilfeller brukast som eit bilete på kva framtid tru brukarane har. Òg skal ein døma ut frå talmaterialet er framtidstrua framleis til stades. Både maskinbransjen og bygg/anlegg har nytt godt av investeringsviljen – sjølv om det vart investert noko mindre i driftsbygningar sett i høve til fjoråret. I snitt investerer Haugalandsbonden for kr 149.000 i maskiner og kr 109.000 i bygningar kvart år. At ein ser ein nedgang i investeringane i bygningar i høve 2009 skuldast nok òg delvis at landbruket nytte godt av staten si krisepakke til bygge- og anleggssektoren i 2008/2009. Men det er framleis grunn til å understreka at investeringsbehovet i bygningar er stort – dette ut frå alderssamansetninga på driftsapparatet (der framleis ein stor del hadde si utspring på 70/80-talet) og framtidige krav til hald av husdyr.

Rentekostnadane viser ein svak nedgang i høve til 2009, med ein reduksjon på om lag 4500 kr pr. bruk i snitt. Men ein finn grunn til å minne på at gjeldsbelastinga no byrjar å bli stor på enkelt bruk. Spesielt for bruk som har vore gjennom ei investeringsfase. Snitt gjeld pr. bruk har auka med 40 % eller snautt 500.000 kr i tidsperioden 2005 til 2010.

Inntekt utanom bruket aukar jamt og trutt – og er no kome opp på 311.000 kr i snitt, noko som er ei auke på 10.500 kr i høve til fjoråret.

Tveit Regnskap AS

Andreas Lundegård (kontaktperson)

